

**Saksframlegg**

| Utval                    | Utvalsaksnr. | Møtedato   |
|--------------------------|--------------|------------|
| Høgskulestyret 2019/2023 |              | 25.10.2019 |

**STATUS PÅ UTFORDRINGAR PÅPEIKA I ETATSSTYRINGSBREVET****Framlegg til vedtak**

Styret tek statusrapporten til vitende og ber administrasjonen følgje opp igangsette og planlagde tiltak for å betre resultata.

**Bakgrunn**

I kunnskapsdepartementet sitt etatsstyringsbrev påpeiker departementet nokre særskilde utfordringar høgskulen bør ha ekstra merksemål på. Styret bad i styremøtet 12.09.19 om ein status på desse utfordringane. Sidan styret er nytt er det fornuftig å gje ei samla rapportering no. Administrasjonen gjer også merksam på at det blir rapportert på desse områda i høgskulen si standard rapportering; Studiekvalitetsrapporten (årleg oktober), FoU-meldinga (årleg juni), årsrapporten for HVO (årleg mars) og undervegsrapportering på planar (årleg oktober).


**Vurdering****Forskningsproduksjon**

Publiseringspoeng pr. faglege årsverk er den nasjonale måleparameteren for både volum og kvalitet på vitskapleg publisering. I 2018 ser det ut til at kvaliteten på dei vitskaplege publikasjonane ved HVO har auka ettersom det er fleire publikasjonar på nivå 2 og i tidsskrift og monografiar. Likevel kjem HVO dårlegast ut blant dei statlege høgskulane når det gjeld publiseringspoeng pr. faglege årsverk. I 2018 hadde HVO dessutan ein nedgang i det totale talet på publiseringspoeng til tross for at det var 20 fleire faglege tilsette enn året før. HVO er sårbar for svingningar i denne parameteren sidan den samla vitskaplege publiseringa er så liten. Dersom HVO skal kunne hevde seg på vitskapleg publisering, må vi rekruttere faglege tilsette med forskningserfaring, og vi må stille strengare krav til levering av forskningsresultat når det gjeld tildeling av FoU-tid og FoU-midlar.

For å auke den vitskaplege publiseringa vart det sett i gang fleire tiltak i 2018. Det har vore halde to skriveverkstadar med fem seminar kvar for å gi ei innføring i korleis ein skriv ein vitskapleg artikkel. Vidare er det gjort vedtak om å overføre 2,3 millionar kroner frå potten som har gått til premiering av interne FoU-poeng til tiltak som kan auke den vitskaplege publiseringa: midlar til forskingsgrupper og fleire FoU-stipend.

Det betyr at i 2019 vert 1,3 millionar kroner brukt til å stimulere faglege aktivitetar i forskingsgruppene etter søknad, og 1 million kroner går til fem ekstra FoU-stipend. Det er ei uttalt forventning om at desse tiltaka skal resultere i fleire vitskaplege publikasjonar. I løpet av dei neste åra må HVO arbeide strategisk og systematisk for å auke volumet på den vitskaplege publiseringa. Det blir også satsa på Såkornmidlar som støtteordning, med vekt på at dei som får støtte skal få til publikasjonar og/eller søknadar.

**Diagram 1: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved dei fire avdelingane ved HVO (linjer). Dette er stilt saman med gjennomsnittet for HVO og statlege høgskular\* i åra 2007-2018 (DBH). \*Dei statlege høgskulane er: Høgskolen i Innlandet, Høgskolen i Østfold, Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet og Samisk høgskole.**



## Ekstern finansiering av forsking frå Forskningsrådet og EU

Tilsette ved Høgskulen i Volda har gjennom fleire år sendt få søknader om eksterne forskingsmidlar, og HVO har fått få gjennomslag på søknadene som har vore sende. Våren 2019 har HVO sendt sin første søknad til Horisont 2020, og det vart sendt fem søknader til Noregs forskningsråd (NFR) med HVO-tilsette som prosjektleiarar. I tillegg har det vore sendt ein stor søknad til Udir om fagfornyinga i skulen. Søkjane har i større grad enn tidlegare fått administrativ støtte i søknadsarbeidet, og vi håper at det vil gi betre evalueringar og større gjennomslag på søknadene i 2019.

Høgskulen i Volda fekk i overkant av 2,7 millionar kroner frå NFR i 2018. I 2018 gjekk 94,4 prosent av Forskningsrådets løyvingar til universiteta – opp frå 92 prosent i 2017, og dei statlege høgskulane fekk til saman 2,2 prosent av løyvingane – ned frå 6 prosent i 2017.

Universiteta får ein stadig større del av løyvingane. HVO fekk 0,8 promille av dei totale løyvingane frå NFR i 2018 – opp frå 0,7 promille i 2017. Det utgjer 3,7 prosent av løyvingane som gjekk til dei statlege høgskulane – opp frå 1 prosent i 2017. Høgskulen i Volda har dermed auka sin del av løyvingane, sjølv om det er marginalt. Likevel hadde Høgskulen i Volda dei lågaste NFR-inntektene blant samanliknbare høgskular i 2018, og vi ligg også lågast når det gjeld løyvingar pr. UFF-årsverk.


Det er bekymringsfullt at løyvingane frå NFR går til universiteta i endå større grad enn tidlegare. Det skyldast nok ikkje berre at det er der dei beste forskarane er, men også at universiteta har eit heilt anna format på støtteapparatet rundt søkeresarbeidet. HVO har likevel eit potensial for å auke dei eksterne inntektene, men då må vi også prioritere ressursar til dette. Ingen av søkerne som vart sendt frå HVO til NFR i 2018 fekk gjennomslag. I 2019 vart det sendt fem gode søkerer til NFR med prosjektleiarar frå HVO og éin søker der HVO er partnar, og tre av desse har i større grad vore følgje opp frå Forskningsadministrasjonen. Når vi har fått erfaringane frå denne søkeresrunden, bør vi evaluere korleis vi legg opp arbeidet med søkerer om eksterne midlar framover.

Høgskulen i Volda har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av Horisont 2020-kontraktar», men vi har fått andre forskningsmidlar frå EU. I åra 2013 til 2017 hadde HVO ein prosjektdeltakar i det EU-finansiert forskningsprosjektet Travelling Texts. The Transnational Reception of Women's Writing at the Fringes of Europe. Prosjektets deltakar frå HVO sendte i 2019 den første søkeren frå HVO til EUs Horisont 2020 program, men utan å få tilslag – til tross for ei god vurdering.

**Tabell 10: Tildelinger frå NFR i 2017 og 2018 i 1000 kroner (DBH).**

| Institusjon                    | NFR-midlar<br>2017 | NFR-midlar<br>2018 |
|--------------------------------|--------------------|--------------------|
| Statlege høgskular             | 210 715            | 74 666             |
| <b>Høgskulen i Volda</b>       | <b>2 418</b>       | <b>2 729</b>       |
| Universitet                    | 3 019 231          | 3 219 862          |
| Statlege vitskaplege høgskular | 36 601             | 49 377             |
| Kunsthøgskular                 | -                  | 31                 |
| Private høgskular              | 1 798              | 3 966              |
| Private vitskaplege høgskular  | 23 856             | 26 291             |
| Andre organisasjonar           | 3 137              | 32 740             |
| <b>Totalt</b>                  | <b>3 297 756</b>   | <b>3 409 662</b>   |

**Diagram 7: Oversikt over utviklinga i inntekter frå eksterne forskingsmidlar ved HVO i åra 2007-2017 (DBH).**



## GLU 1-7: Søking, studiekvalitet og studentanes tidsbruk

### Søking Master i GLU 1-7 (MAGLU 1-7)

| Haust 2018 |      | Haust 2019 |      |
|------------|------|------------|------|
| Søkartal   | Møtt | Søkartal   | Møtt |
| 27         | 27   | 30         | 29   |

Vi fekk ei lita auke på talet på 1. prioritetsøkjrarar og 2 fleire studentar. HVO fekk ekstratildeling frå KD knytt til rekruttering på grunnskulelærarutdanningane og har gjennomført eigne kampanjar for å rekruttere fleire lærarstudentar.

### Studiekvalitet MAGLU 1-7

Master i GLU 1-7 fekk ein gledeleg oppgang på variabelen «alt i alt forhøgd med studieprogrammet»: frå 3,3 i 2017 til 4,1 i 2018, noko som er om lag på landsgjennomsnittet for alle utdanningar. Det har vore mange tiltak knytt til oppfølging av resultata i studiebarometeret 2017, mellom anna fokus på kvalitetssystemet i møte med kvalitetsutvalsrepresentantar og meir oversiktleig og einskapleg informasjon til studentane i Canvas om kvalitetsarbeidet og resultata frå kvalitetsarbeidet. Arbeidet med studiekvaliteten fortsett med fleire tiltak i 2018, jf. kvalitetsrapporten frå avdelinga.

### Studentanes tidsbruk - læringsintensitet på MAGLU 1-7

Det er gjort fleire tiltak for å auka læringstrykket på grunnskulelærarutdanninga siste året. Tiltak på administrativt nivå er retta mot både MAGLU 1-7 og MAGLU 5-10, medan tiltak innanfor enkelte emne kan rettast meir direkte mot MAGLU 1-7.

Ressursen til *basisgruppeleiarar* på GLU har også auka dette året for tettare oppfølging av studentar i si basisgruppe. Ei tettare oppfølging av studentar vil kunne verke positivt på læringstrykket og kanskje særleg fange opp tidleg dei studentane som har særskilde utfordringar og følgje dei opp.

Førre studieår vart rettleiingsappen *MOSO* tatt i bruk på 1MAGLU, og i år er denne utvida til også å vere i bruk på både 1MAGLU og 2MAGLU. Vi har også tilsett ein praksislærar i delt stilling opp mot implementering av *MOSO*. *MOSO*-appen er eit rettleiingsverktøy brukt i praksis, der førebuingsarbeid, undervisning og rettleiing er samla på ein plass. Det vil kunne gjere det lettare for praksislærarar å følgje studentane meir systematisk gjennom praksisperioden og basisgruppeleiarane kan få meir innsikt i praksis også når dei ikkje er på praksisbesøk. I *MOSO* har medstudentar si rolle som observatørar og rettleiarar kome endå tydlegare fram, og dette gjer at vi forventar meir aktiv deltaking av studentar i praksis og eit auka læringstrykk knytt til observasjon og rettleiing.

Gjennom prosjektet *DigiGLU* som vart starta hausten 2018, har det vore eit sterkt fokus på auka studiekvalitet. Kvart fagmiljø har fått ekstra ressursar til kompetanseheving og undervisningsutvikling. I tillegg har studentane fått 100 timer ekstra i løpet av studiet til tverrfagleg løype knytt til lærarar sin profesjonsfaglege digitale kompetanse. Dette aukar læringstrykket og vil gjere studentane betre rusta til å kome ut i ein lærarkveld prega av det digitale.

Det er gjort fleire endringar i dei ulike faga for å auke undervisningsintensiteten på MAGLU 1-7, til dømes endringar i pensum og meir språkundervisning, meir prosessorienterte arbeidskrav, m.m.

### Gjennomstrøyming på GLU 1-7

56 prosent har fullført på normert tid våren 2019 og 58 prosent våren 2018. Dette er eit godt resultat, samanlikna med gjennomstrøyminga på bachelorgraden som er 47,9 prosent på nasjonalt nivå.

### Gjennomføring på master

Utviklinga i gjennomføring på master ved Høgskulen i Volda (2015-2018) og landsgjennomsnitt 2018 (Tala for 2019 er ikkje klar):

|  | 2015  | 2016  | 2017  | 2018  | landsgjennomsnitt |
|--|-------|-------|-------|-------|-------------------|
| Tal studentar på masterutdanning som gjennomførte på normert tid (%) | 11,24 | 16,67 | 14,94 | 26,92 | 52,77             |

Det vart utarbeidd ein handlingsplan for gjennomstrøyming på mastergrad hausten 2017. Tiltaka i handlingsplanen blir følgd opp og vonleg er betringa i gjennomstrøyminga eit resultat av dette, sjølv om vi framleis ligg langt under snittet for resten av landet.

HVO har få heiltidsstudentar på masternivå. Dei fleste er vaksne studentar som arbeider og har familie. Dette gjer at dei strekkjer utdanninga over lengre tid enn det er lagt opp til. ASH fullførte ein analyse av gjennomstrøyminga på masterutdanninga i meistring og myndiggjering og samfunnsplanlegging og leiing i juni 2018. I spørjeundersøkinga svara alle kategoriar av studentar som har slutta, at arbeidssituasjonen er ei viktig hindring for å gjennomføre masterløypa. Avdelinga har gjort fleire tiltak som førebels ikkje har slått tydeleg ut på statistikken, men arbeidet med å betre gjennomstrøyminga held fram.